

AMTSKONTORET

AMTSKONTORET på Fylkesmannsgarden Nybø er det første kontorhuset på Leikanger. Leikanger er den einaste bygda i landet som er vertsbygd for sentraladministrasjonen i eit fylke. Huset var kontor for amtmannen/fylkesmannen frå 1862 til 1939.

Huset vart reist i 1851 av sorenskriver Hjørth. I ein branntakst frå 1851 står bygget notert som «Kontoirbygning», oppført av tømmer på grunnmur med kjellar og

teglsteinstak. Huset er 8,5 meter langt, 7 meter breitt og 2,5 meter høgt + loft. Første høgda hadde fire rom + gang og kleskott. Det eine rommet er hemnt som «Kontoirværelset». I branntakst frå 1863 er to rom slegne saman til eitt og det


er to kakkelomnar. Utvendig var bygget bordkledd og «oljemalet». Ei skisse frå 1937 viser to rom, gang og to arkivrom. I 1939 flytta administrasjonen til nytt Tinghus ved Skrivareika. Det gamle kontoret på Fylkesmannsgarden, det første "Statens Hus" på Leikanger, har seinare vore lite brukt. Universitetet i Bergen

nytta huset i ein periode. Seinare vart huset nytta som bustad for paktarfamilien som stod føre gardsdrifta på fylkesmannsgarden. Frå 1956 har huset stått ubrukt og forfalle. I 1974 overtok Leikanger kommune den delen av garden som ligg på nedsida av riksvegen, alle husa og festplassen Lunden på oppsida av riksvegen.

I 2012 gjekk Leikanger kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Statens vegvesen Region Vest saman om å setja Amtskontoret i stand. Huset vart demontert og sett opp att på ny grunnmur om lag 6 meter frå riksvegen. Det «nye» Amtskontoret vart opna 19. september 2013, som lekk i markeringa av at Sogn og Fjordane fylke fylte 250 år.

Sogn og Fjordane fylke vart oppretta i 1763 med namnet Nordre Bergenhus Amt. Nemninga amt vart endra til fylke i 1919, og amtmann til fylkesmann. Frå 1763 til 1862 var amtmannen/fylkesmannen sitt kontor knytta til fylkesmannen sin bustad ulike stader i fylket og i Bergen.

Amtmannen/fylkesmannen budde i denne perioden på Kaupanger, seinare for det meste i Bergen. Amtmann J. C. Falsen kom til Leikanger i 1862. Han kjøpte garden Nybø hjå sorenskriver Hjørth. I 1863 vart Nybø statleg embetsgard.



Leikanger kommune



Sogn og Fjordane fylkeskommune



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane



Statens vegvesen Region Vest